



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Referat

Studentparlamentsmøte 29.01.2020

Tid Onsdag 29.01.20 kl 16.30-19.45
Stad Kaarstad 202

Til stades med stemmerett: 8

AKF Anders Viktor Kvile (H), Sondre Levy Kuven (2. vara)
AMF Live Dale Fasting (H), Maja Susann Melbye (H)
ASH Ina Istad (H), Andre Kjerpeseth Svarstad (H)
FRI Arnaud Duhamel (H)
Meldt forfall: Michelle Connor Sjøreng (AHL), Rikke Jenny Pettersen (AHL), Lars Grindvik Uri (AKF), Kishore Gajendra (FRI), Bernt Inge berge (kontrollkomite)

Til stades utan stemmerett

AU Paloma Lonenzale Alonso, Trym Nikolas Rimmen, Mathilde Gaalaas-Berg, David Bernatek, Marit Aklestad (referent)
Andre møtande/gjestar Shehan Kolambage (vara), Trygve Taranger (vara), Simen Gald (fotograf), Anna Kristin Indridadottir og Thomas Lind (kandidatar til vervet som informasjonsansvarleg), rektor Johann Roppen (orientering om Studiebarometeret).

Sak 27 – 19/20: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Namneopprop

8 medlemmar til stades og Studentparlamentet var vedtaksdyktige.

Val av møteleiing og teljekorps

Vedtak:

- Paloma Lorenzale Alonso er vald til ordstyrar
- Marit Aklestad er vald til referent
- Mathilde Gaalaas-Berg og Marit Aklestad er valde til teljekorps (samrøystes)

Sak 28 – 19/20: Godkjenningar

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Ordstyrar

Godkjenning av møteinnkalling

Merknad: Innkallinga med sakspapir kom for seint.

Vedtak: Møteinnkallinga og sakspapir er godkjent med merknad om for sein utsending av sakspapir. (samrøystes)

Godkjenning av saksliste

Eventuelle merknadar eller endringar av sakslista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner sakslist med fylgjande forslag til dagsorden:

	Dagsorden for studenttingmøte 31.01.18	
16.30	Sak 27 – Opprop og val av møteleiing	Vedtakssak
	Sak 28 – Godkjenning av innkalling, saksliste og referat	Vedtakssak
	Sak 29 – Orienteringar	Orienteringssak
17.00	Sak 30 – Endring av møtedato for februar møtet	Vedtakssak
17.05	Sak 31 – Val av ny informasjonsansvarleg i AU	Vedtakssak
17.15	Sak 32 – Suppleringsval, Studentparlamentet	Vedtakssak
17.25	Sak 33 – Suppleringsval, råd og utval ved HVO	Vedtakssak
17.40	Sak 34 – Val av studentrepresentantar, mediebygget	Vedtakssak
17.50	Sak 35 – Studentrepresentantar, Strategi 21 HVO	Vedtakssak
18.00	Kaffipause	
18.10	Sak 36 – Livssynsteneste ved HVO	Diskusjonssak
18.20	Sak 37 – Godkjenning av årsmelding 2019	Vedtakssak
18.30	Sak 38 – Godkjenning av rekneskap 2019	Vedtakssak
18.35	Sak 39 – Vedtak av budsjett 2020	Vedtakssak
18.45	Sak 40 – Studentmelding til NOKUT	Vedtakssak

19.00	Sak 41 – Deltakrar, Studentkonferansen 2020	Vedtaks sak
19.10	Sak 42 – Eventuelt	
19.15	Møtekritikk	
19.20	Møteslutt	

Endringsforslag til dagsorden: Trym Nikolas Rimmen melde inn å flytte orientering om studiebarometeret til kl 19.00.

Vedtak:

Dagsorden er godkjent med ovanstående endringer. (samrøystes)

Godkjenning av referat

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 27.11.19.

Vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 27.11.19. (samrøystes)

Sak 29 – 19/20: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Johann Roppen orienterte Studiebarometeret (Johann Roppen) kl 19.00

AU orienterte om fylgjande:

- NSO Landsmøte i Tønsberg 17.-19. april. Formøte 27.-29. mars. Det blir påmelding på neste møte i studentparlamentet, 29. februar.
- Vedtektsendringar. Forslag om dette må meldast til AU seinast 12. februar.
- Nytt Studentombod for HVO. Kjersti Brevik Møller går inn i stillinga frå 01.01.20.
- Forbetring av kaffiautomatar
- Gjennomføring av Buddyweek
- Oppstart av norskskurs
- Pris for internasjonalisering. Frist for nominering er 06. februar.
- SAIH Vintersamling på Utøya 21.-23. februar. Påmeldingsfrist 10.02. (Kontakt Paloma)
- Velferdsgruppa sitt arbeid
- Jobbsøkjarkurs 4. febr. kl 16
- Sosialt vårsemesteret i SP. Mogleg hyttetur i februar.

Info frå stud.repr. i råd og utval

Sak 30 – 19/20: Endring av møtedato for februar møtet

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Mathilde Gaalaas-Berg

AU finn det uheldig at februar møtet i Studentparlamentet er lagt til vinterferien.

Forslag til vedtak: Februar møtet i Studentparlamentet blir flytta til onsdag 26.02.20.

Vedtak: Februar møtet i Studentparlamentet blir flytta til onsdag 26.02.20. (samrøystes)

Sak 31 – 19/20: Val av ny informasjonsansvarleg i AU

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen
Vedlegg: Vedlegg 1 – Stillingsomtale for informasjonsansvarleg

To kandidatar melde seg til vervet som informasjonsansvarleg i AU, Anna Kristin Indridadottir og Thomas Lind. Dei fekk høve til å presentere seg, og Studentparlamentet fekk stille oppfølgingsspørsmål.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ved urneval ny informasjonsansvarleg til arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

Vedtak: Anna Kristin er vald til ny informasjonsansvarleg i AU (urneval)

Sak 32– 19/20: Suppleringsval, Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Paloma Lorenzale Alonso

Vi manglar ein 2. vara for ASH og 2. og 3. vara for Frie representantar.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ny 2. vara til ASH og ny 2. og 3. vara til FRI.

Ingen kandidatar melde seg.

Nytt forslag til vedtak (AU): AU arbeider med å finne aktuelle kandidatar og legg saka fram på nytt på neste studentparlamentsmøte.

Vedtak: AU arbeider med å finne aktuelle kandidatar og legg saka fram på nytt på neste studentparlamentsmøte. (samrøystes)

Sak 33 – 19/20: Suppleringsval, råd og utval ved HVO

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Paloma Lorenzale Alonso

Nokre ledige plassar i råd og utval ved HVO skal fyllast opp av studentrepresentantar, 2. vara til internasjonalt utval, 2. vara til valstyret, 2. vara til skikkanemnda og 4. vara til LMU.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ved urneval nye studentar til dei ledige verva i råd og utval ved HVO.

Berre ein kandidat melde seg til kvart av verva. Vala vart difor gjort ved akklamasjon.

Vedtak:

Shehan Kolambage er vald til 2. vara i internasjonalt utval	(akklamasjon)
Andre Kjerpeseth Svarstad er vald til 2. vara i valstyret	(akklamasjon)
Arnaud Duhamel er vald til 2. vara i skikkanemnda	(akklamasjon)
Andre Kjerpeseth Svarstad er vald til 4. vara i LMU	(akklamasjon)

Sak 34 – 19/20: Val av studentrepresentantar, mediebygget

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Det er ynskjeleg med 2 studentar i prosjektgruppa som arbeider med det nye mediebygget.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ved urneval to studentar til arbeidsgruppa for mediebygget.

Berre ein kandidat melde seg til vervet, Arnaud Duhamel. Valet vart difor gjort ved akklamasjon.

Vedtak: Arnaud Duhamel går inn som studentrepresentant i prosjektgruppa for det nye mediebygget.	(akklamasjon)
AU arbeider med å finne ein til kandidat til neste SP-møte.	(samrøystes)

Sak 35 – 19/20: Val av studentrepresentantar, strategi 21

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Det skal veljast studentar til den nye prosjektgruppa som skal utarbeide ny strategi for HVO gjennom prosjektet Strategi 21 HVO.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ved urneval to studentrepresentantar til Strategi 20 HVO. Ingen kandidatar melde seg.

Nytt forslag til vedtak (AU): saka blir utsett til neste SP-møte.

Vedtak: saka blir utsett til neste SP-møte.	(samrøystes)
--	--------------

Sak 36 – 19/20: Livssysteneste ved HVO

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: David Bernatek

AU bed om innspel til utforming av ei livssysteneste ved HVO, som ei utviding av velferdstilbodet til studentane. Velferdsgruppa ved HVO vil forme tenesta etter studentane sitt behov, og vil difor gjerne ha innspel på kva som kan vere viktig at HVO tilbyr, og korleis dette tilbodet kan kome studentane best mogleg til gode.

Forslag til vedtak: Innspela frå Studentparlamentet blir tekne med vidare i Velferdsgruppa i den vidare utviklinga av livssystenesta.

Innspel frå Studentparlamentet:

Refleksjonar kring tilbodet:

- Må vere ei hjelpeteneste, ikkje misjonere
- Humanist og prest: kva med studentar som tilhøyrer andre religionar?
- Skeptisk i byrjinga, HVO skal vere livssynsnøytralt, men etter å ha høyrte diskusjonen trur eg no at det kan bli ei bra teneste.

Innspel til innhaldet i tenesta:

- Diskusjonsgrupper, samtaler om likskapar og forskjellar og perspektiv på ulike livssyn
- Eksamensmestring
- Psykisk helse-månaden
- Einsemd
- Noko på studenthyblane? – nå studentane der dei er
- Fange opp personar som treng hjelp, førebygging av sjølvskading, sjølvsmord
- Lågterskel, vere synleg/tilgjengeleg
- Sofasamtale/open samtale om fordommar

Sak 37 – 19/20: Godkjenning av årsmelding 2019

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: David Bernatek
Vedlegg: Vedlegg 2 – Årsmelding for Studentparlamentet 2019

AU la fram årsmeldinga til godkjenning i Studentparlamentet.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner årsmeldinga for 2019.

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner årsmeldinga for 2019. (samrøystes)

Sak 38 – 19/20: Godkjenning av rekneskap for 2019

Type sak: Vedtakssak
 Sakshandsamar: David Bernatek

AU legg fram rekneskapen for 2019 for godkjenning i Studentparlamentet.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet tek rekneskapen for 2019 til vitende.

Vedtak: Studentparlamentet tek rekneskapen for 2019 til vitende. (samrøystes)

Sak 39 – 19/20: Vedtak av budsjett 2020

Type sak: Vedtakssak
 Sakshandsamar: David Bernatek

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vedtek framlagt forslag til budsjett 2020.

AU si innstilling til Budsjett 2020, lagt fram i Studentparlamentsmøtet 29. januar 2020**Forventa inntekter**

Støtte frå HVO	kr	125 000
Støtte frå SiVolda (velferdsmidlar)	kr	100 000
Inntekter frå standleige	kr	-
Prosjektmidlar NSO (Brunost Language Club)	kr	15 000

Totalt kr **240 000**

Forventa utgifter**Drift av Studentparlamentet**

Seminar, kurs o.l.	kr	30 000
Møtegjennomføring	kr	25 000
Informasjon/profilering	kr	25 000
Sosialt	kr	25 000
Drift/kontor	kr	15 000
Anna	kr	5 000
Brunost Language Club	kr	15 000
Sum	kr	140 000

Støtte til studentaktivitetar - velferdsmidlar

Fadderveka	kr	5 000
Pris for internasjonalisering	kr	5 000
Studentorganisasjonar og studentfestivalar	kr	90 000
Sum	kr	100 000

Totalt kr **240 000**

Endringsforslag: Nikolai Ulstein Sande fremja forslag om å flytte 5 000 kr frå posten «drift/kontor» til posten «anna».

Vedtak: AU si innstilling til budsjett vert vedteke med fylgjande endring: 5 000 kr frå posten «drift/kontor» blir flytta til posten «anna». (samrøystes)

Sak 40 – 19/20: Studentmelding til NOKUT

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Mathilde Gaalaas-Berg
Vedlegg: Vedlegg 3 – AU sitt framlegg til Studentmelding.

AU la fram forslag til Studentmelding til NOKUT frå Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda og det vart opna for innspel og debatt.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vedtek framlagt studentuttale til NOKUT.

Vedtak: Studentparlamentet vedtek framlagt studentuttale til NOKUT. (samrøystes)

Sak 41 – 19/20: Deltakarar på Studentkonferansen 2020

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Studentparlamentet kan sende opp til 7 personar til Studentrådet UH-Nett Vest sin årlege studentkonferanse, som i år er lagt til Bergen 27. februar. Frist for påmelding er 5. februar. Leiar Trym Rimmen deltek uansett som medlem av studentrådet UH-Nett Vest.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel deltakarar til Studentkonferansen 2020.

Fem kandidatar melde seg som interesserte.

Vedtak: Studentparlamentet vel desse til Studentkonferansen 2020, i tillegg til Trym Rimmen: Arnaud Duhamel, Nikolai U. Sande, Shehan Kolambage, Ina Istad og Paloma Lorenzale. (akklamasjon)

Kl 19.00: Orientering om resultatata frå Studiebarometeret frå rektor Johann Roppen.

Møteslutt: 19.45